


AUSTEVOLL KYRKJEBLAD

Nr.

1

2025

Årgang 29



Påskeforteljinga



s. 7

Lys vaken



s. 11

To nye prestevikarar i Austevoll



s.17



Frå presten sin penn

Kyrkja som er der når vi har bruk for den

I forbindelse med ein gravferd var eg heime hos familien til avdøde. Vi prata om livet som no var komen til ein ende, og om kva dette livet hadde gjeve dei som var igjen. Vi snakka om haldningar og prioriteringar, om kva som var gode minner og om kva minner det var vanskelegare å forsona seg med. Det er gjerne slik. Å ta avskjed inneber mange ulike kjensler. Å snakke om minner gjer noko med oss når vi sørgjer. Minna hentar fram takksemnd, sorg, smil og ofte latter. Vi forstår oss sjølv betre i lys av livet til dei som har gått føre oss. Særleg er det slik når den som ikkje lenger lever blant oss har levd et langt liv. Men også når døden kjem alt for tidleg. Då ser vi gjerne at eit kort liv set djupe spor. Spor som formar oss.

Mens vi satt der i stua og preiket sa den eine sonen noko som eg har tenkt på i fleire månader. Han sa: «Vi har alltid hatt eit svært godt forhold til kyrkja.» Eg skjønna først ikkje kva han meinte. Eg hadde aldri sett familien i kyrkja, og med bakgrunn i mine fordommar tenkte eg då at dei kanskje ikkje brydde seg så mykje om kva kyrkja er eller kva kyrkja står for. Eg stilte nokre spørsmål for å forstå betre, men han svarte ikkje på mine spørsmål. I staden gjentok han det han hadde sagt. «Vi har alltid hatt eit svært godt forhold til kyrkja.» Så vart han stille ein stund før han fullførte med dei orda som eg har tenkt så mykje på, «kyrkja er der når vi har bruk for den.»

«Ja, det stemmer», tenkte eg, og eg trur eg sa det også. «Kyrkja er der når vi har bruk for den.» Om du trur mykje eller lite, om håpet er mykje større enn trua, om trua er så lite som eit sennepsfrø,



så er kyrkja der når vi har bruk for den. Kyrkja er MYKJE større enn presten, den er mykje større enn soknerådet og den er mykje større enn våre fromme ord og gjerningar. Den ber i seg ein lang historie av håp om ein betre verd, og eit håp om at vi alle saman ein gong blir teken opp av den evige kjærleiken som både er opphavet til livet og som er den som ber alt liv i seg. Den har og plass til smertefulle kjensle. Det stygge og vonde og det vakre og gode. Kyrkja kan romma det.

Eg merkar at i møte med grensa der livet sluttar blir mine ord alt for små. I møte med sorga må eg erkjenne at det er den «kyrkja som er der når vi har bruk for den» som har noko å tilby. Kva eg kan seie eller overtyda andre om blir heilt uinteressant. Då er det de gamle og velprovde orda som kan bere, eller berre det å vere stille saman, og kjenne at det er nokon som er større enn oss som held oss oppe.

Når alt dette er sagt, så må eg legge til ein tanke. Kyrkja er der når vi ikkje kjenner at vi har bruk for den og, og nokon gonger kan vi ha bruk for den utan å vere klar over det. Eg håpar du vil ta imot nokre svært gamle ord, ord som ikkje eg har formulert, ord som ingen eig, ord som er mykje eldre enn kyrkja, og som er ein raud tråd som strekker seg gjennom tusenvis av år.

Herren velsigna deg og vare deg.

Herren late sitt andlet lysa over deg, og vere deg nådig.

Herren løfte sitt åsyn på deg,

og gje deg fred!

DEN TOMME KROSSEN

Av biskop Ragnhild Jepsen

Når kyrkjeklokkene ringer påskehøgtida inn påskeaftan, vitnar dei om at kyrkjehusa er berarar av historie og kontinuitet i bygdene og byane våre. Til saman dannar dei ei lenke som bind oss til kvarandre. Det er som dei syng oss saman.

I vårt bispedøme er vi medvitne om ei tusenårig historie med lag på lag av menneskets tru og tilbeding. Steinane og veggane i kyrkjehusa er levande fordi dei har teke imot smerte og liding, glede, kjærleik og sorg frå dei som har vore her før oss. Dei speglar gudslengt og guds nærvær.

Det paradoksale er at dei også gjev rom for å synleggjere gudsfråvær.

Det sterkaste symbolet i kyrkjerommet vil alltid vere krossen. Symbolinnhaldet i krossen er fleirtydig. Den er eit dødsinstrument. Den er teiknet på oppstoda, og den er uttrykk for sameininga mellom Gud og menneske i Jesus Kristus. Krossen, slik vi kjenner den, vil alltid vere knytt saman med påskens bodskap: Jesu lidingssoge, hans død og oppstode.

I påskeforteljinga sine dramatiske døgn er det også ei tid då verda ikkje har nokon Gud. Frelsaren er i denne timen død. I kyrkjekunsten kjem det til uttrykk i motivet som skildrar korleis Jesu døde kropp vert teken ned frå krossen. Eit likklede vert strekt mellom krossarmene. Mannen som sa at han var Gud, viser seg å vere av kjøt og blod som resten av oss. Og sjølv om vi som ser motivet også veit at berre om nokre få dagar, på påskemorgon, skal kristne over heile verda jublande synge «Kristus er oppstaden», er det som om vi enno ei tid må leve med eit opent spørsmål utan eit sjølv sagt svar. – Kva vil skje med oss? Kan verkeleg livet sigre over døden?

Verdas angst og menneskets oppleving av det meiningslause, av gudsfråværet, må også ha sin



stad. For viss vi ikkje torer å setje ord på at det er slik, kan vi heller ikkje tale truverdige om at Gud som lir og døyr langfredag, også deler alle menneskes langfredagar. Og at oppstoda si glede og livskraft ein dag skal bli alle menneskes glede og livskraft.

Vi treng bodskapen om håpet og om den tomme grava. Vi treng det i vår del av verda, vi treng det over heile verda. Vi treng det no! For verda er råka av krefter som vil vondt. Det er vanskeleg å ta inn over seg den mengda av frykt og død vi ser omkring oss, nær oss og langt borte. Framfor denne påskehøgtida kjenner vi det igjen, og vi må ta det inn over oss.

I påsken feirer vi at lyset vinn over mørket. Og at vi skal få leve i det lyset. Det er ikkje lovnad om eit liv der alt er godt og smerte ikkje skal vere. Livet har lært oss at dagane kan vere mørke og sorga kjennes som ei klo i bringa som aldri slepp taket.

Men dei kreftene Jesus tek oppgjer med i gravkammerets rom, dei skal ikkje ta overhand. Dei skal ikkje sigre.

For Livet og Håpet er sterkare!

*Døden må vike for Gudsrikets krefter!
Livet er gjemt i et jordekket frø.
Se, i oppstandelsens tegn skal vi leve.
Se, i oppstandelsens lys skal vi dø.*

(Svein Ellingsen, Norsk salmebok nr 209)

Dåpsbarna

Har du eit barnebarn eller eit oldebarn som ikkje bur i Austevoll? Send dåpsbilde til oss!



Alfred Fromreide Økland



Bjørg Thomsen



Elena Leknesund



Elina Hovland Tonning



Elise Lekven Blix



Gabriel Tveit Haugland



Halvor Møgster




Henry Vik Økland



Lucas Sørvik Johannessen



Ludvig Økland



Margrethe Våge Neteland



Mathias Eian Sekkingstad



Mons Troland Bjånesøy



Othelia Veivåg Fredbo



Vetle Økland Langeland



Barnas

LABYRINT
Hjelp Maria å finne vegen til grava.



FARGELEGG biletet av Jesus som viser seg for Maria etter at han døyde og stod opp att.



Teikning: Chiara Bertelli

Hemmeleg melding til agentar
Bruk agentalfabetet for å tolke meldinga.

דבב 7233קב לבב
 קבב לבב קבב

Det mystiske agentalfabetet:

ה	ז	ב	א	ג	ד	ה	ו	ז	ח	ט	י	כ	ל	מ	נ	ס
A	B	C	D	E	F	G	H	I	J	K	L	M	N	O		
פ	ק	ר	ש	ת	י	ח	ז	ו	ה	ד	ג	ב	א			
P	Q	R	S	T	U	V	W	X	Y	Z	Æ	Ø	Å			

Vitsar:

- Du luktar så godt i dag. Kva har du teke på deg?
- Reine sokkar.

Har du høyrte om han som søv så tungt at senga knekte?

Gi bladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvane er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller **22 08 71 00**





Søndagsskolen – mer enn du tror

Påskeforteljinga

Palmesøndag

Jesus har vandra lenge omkring i Israel, han har blitt vaksen og gjort mange under. Han har gjort blinde sjåande, lamme kunne gå etc. No er det søndag før påske og Jesus bestemmer seg for å dra til Jerusalem for å feire påske saman med vennene sine. Han bad disiplane sine dra i forvegen for å hente et esel, for han ville ri inn til Jerusalem på eselet. Dette for å vise at han var en litt annleis konge. Eselet er et lite og fredeleg dyr. Han ville ikkje ri på en flott hest som de andre kongane. Han var ingen krigarkonge. Han var en Fredskonge! Når Jesus nærma seg byen var det store folkemengder som stod langs vegkantene. Mange hadde høyrte han skulle komme. Dei var så glad. Dei lo og jubla og ropte av glede; HOSIANNA; HOSIANNA eller HURRA, HURRA!! Her kjem kongen Gud har lova oss! Dei vifta med palmegreiner, kasta dei på bakken saman med kleda sine for å hylle Jesus. Etter at søndagen var over, var Jesus og disiplane i Jerusalem i 3 dagar. Desse dagane var han mykje i tempelet, og snakka med folk.



Skjærtorsdag

For Israelsfolket var skjærtorsdag sjølv høgtidsdagen i påsken. Då var det vanleg å ha eit festmåltid for å minnast korleis Gud hadde redda dei frå slaveri i Egypt. Jesus hadde sjølv sagt funne ein fin stad der han og venane hans kunne ete påskemåltidet og ha fin påskefest. Denne dagen var Jesus litt meir stille enn vanleg for han visste jo at han skulle dø. Han visste at dette var

siste måltidet han skulle ha med vennene sine. Mens vennene til Jesus gjer seg klar til å ete begynner dei å bli litt ueinig og krangle litt om kven som er den beste av dem. Da gjer Jesus noko litt spesielt. Han tar fram eit fat med vatn og begynner å vaske føtene til læresveinen sin, Peter. Peter blir sint; "Herre, eg kan då ikkje la deg vaske føtene mine". Jesus svarar: "Eg vil du skal gjere det same for andre. Den som vil bli stor i Guds rike, må lære og tene andre, slik eg tenar dykk". Jesus gjer også andre rare ting. Han løfter brødet, ber takkebønn og seier at det er kroppen hans. Vinen seier han er blodet hans.

I Getsemane

Då dei hadde spist, gjekk dei til Oljeberget og vidare til en hage som vart kalla Getsemane. Her bad Jesus vennene sine, Peter, Jakob og Johannes vente utanfor for å halde vakt mens han skulle be. Han var redd og lei seg, så han gjekk litt for seg sjølv for å be til Gud. Venane til Jesus var trøytte og slitne. Dei klarte ikkje å halde seg vakne. Dei sovna. To gongar måtte Jesus vekke dei og fortelje at han ønska at dei skulle halde vakt mens han bad. Med eit, så kjem Judas, ein anna ven, med nokre soldatar. Judas kyssar Jesus på kinnet. Han har fått 30 sølvpenar for å visa dei kven Jesus er. Soldatane tek Jesus til fange, og fører han bort.

Langfredag

Det var mykje som skjedde for Jesus denne natta og neste dag. Han blei kledd i ei raud kongekappe for å gjere narr av ham. Og dei laga ei krone av tornar som de presset ned på hodet hans. Jesus blei så dømt til døden. Pontius Pilatus som var den øverste sjefen meinte Jesus ikkje fortjente å dø. Han meinte det måtte vera nok at han berre ble pisket. Pilatus mente at Jesus ikkje hadde gjort noko grove forbrytelser slik andre fangar som Barabbas hadde gjort. Men folket ville sjå Jesus dø og ropte; "korsfest han", "korsfest han". Dette fordi Jesus sa at han var Guds son.



Pilatus måtte gi etter for folkets ønske og dømde Jesus til døden. Han skulle korsfestas, som var skikken på den tida. Jesus måtte bære korset sitt opp til Golgata der han skulle korsfestas. Folk spytta og hånte han. Dei lo når han snubla og falt. Mange gjorde narr av Jesus og ropte; "Hvis du er Guds son, så kom ned frå korset. Det var to andre fangar som var korsfesta på kvar side av Jesus. "Befri oss og eg skal tru på deg", sa den eine og hånte Jesus. Den andre røvaren sa; " Husk meg når du kommer i Paradis". " Eg lovar deg", svarte Jesus, " at i dag skal du være med meg i Paradis". Det siste Jesus seier før han døyr er; " Far i dine hender overgir eg min ånd". Då han hadde sagt det, døyde han. Jesus blir tatt ned av korset og ført til grava av soldatane. Graven var ei hule i fjellet. Dei stende opninga med ein stor stein. Pilatus sine menn held vakt ved grava. De hadde nemleg høyrde at Jesus hadde sagt at han skulle stå opp frå dei døde.

Påskedag

Det slutta ikkje så trist med Jesus. Alt forandra seg den tredje dagen etter at han døde. Ved soloppgang påskedag gjekk to damer ved namnet Maria og Maria Magdalena for å sjå til grava. Dei hadde blommar med seg som dei ville pynte med. Då dei kom dit, fekk dei sjå at den store steinen foran



inngangen var rulla vekk. Dei oppdagar at graven er tom og at linkleda ligg rett innafor. Inne i graven fant dei ein engel i kvit, lang kjortel. "Ikkje ver redd", sa engelen. "Jesus er ikkje her. Han har stått opp frå dei døde». Berre klede til Jesus låg igjen. "Gå til disiplane med den gode nyheita", sa engelen. Dei skunda seg da bort frå graven med frykt og stor glede, og løp for å fortelje det til disiplane. Då kom Jesus mot dei og sa: "Vær hilset!" Dei gjekk fram og omfamna hans føter og tilbad ham.

Sidan den gongen har fortellinga om påsken blitt fortalt, igjen og igjen. Og no til deg

Sidan sist

Kyrkja i desember

Sitter her og tenkjer i takknemlegheit på ein fantastisk desember månad vi har hatt. Tenkjer også på kor mange personar som har vore innom kyrkjene våre

Eigentleg startar jula for oss i november. Då er det lysmessa med konfirmantane og då kjenner vi at vi er i gong med forberedelser og oppløpet til jula.

Ei fullsett Austevoll kyrkje fekk oppleve ein stor gjeng flotte ungdommar som gjorde lysmessa helt spesiell frå dei kom inn i prosesjon i kvite kappar. Alle hadde dei ei eller anna oppgåve, alt frå å bera lys til dekke alteret, lese bøner, syngje og meir til.

Fyrste fredag i månaden hadde vi seniortreff på Austevoll PO-senter. Her var det fult hus og god stemning – som vanleg. Denne fredagen hadde vi besøk av storegruppa frå Storebø FUS barnehage. Dei song for oss med sine fine bornestemme. I tillegg hadde Anne Hauge eit innlegg om livet sitt på plattformen ho jobbar på. Og måten ho formidla det på ble både humoristisk og interessant.

Tradisjonens tru har kulturskulen i Austevoll hatt tre konsertar rundt i kyrkjene våre. Mange stolte foreldre, besteforeldre og andre fekk oppleve 67 born i aksjon. Her var det alt frå unge og flinke songfuglar, nybegynnarar på gitar til ungdommar som har spelt nokre år. Alltid like kjekt å sjå og høyre desse unge.

Ei anna tradisjon er Stolmen kyrkjekor sin julekonsert i Stolmen kyrkje. Dei hadde med seg eit barnekor som bestod av Karianna, Caroline, Helle, Josefine og Anny.



Dei hadde også med seg Thomas Sivertsen som bidrog med to songar kor den eine har han laga sjølv. Bandet Sea Gulls, som består av 5 staute og dyktige karar, Henrik, Tor Eirik, Ole Ivar, Johannes og Simon, opptredde med eit nummer i tillegg til at dei spelte til nokre av songane til kyrkjekoret. Leiar for koret, Elin Aarland Vaage, meinte vi no etter kvart kunne titulera bandet som vårt eige husband.

Austevoll Brass hadde ein avdeling på konserten, og det er alltid like kjekt å høyre dei! I mine øyre er dei i ei klasse for seg!!

Stolmen kyrkjekor har fått ny dirigent i haust. Nina Basyuk er vikar medan Maria Kuleshova har permisjon. No er notar lagt vekk. Det er kun tekst og øyre som skal brukast i tillegg til



stemma. Nokre i koret jubla medan andre tenkte dei ville savne notane. Det gjorde dei ikkje so lenge. Dette har fungert og det har gitt resultata. Mange og gode tilbakemeldingar frå ei fullsett kyrkje!!

I periodar var det kø i gongen for å komme inn, og det seiast at malinga flassa frå taket under galleriet pga det var so mykje folk der oppe.

Lyd og lys på konserten må nemnast. Mykola Basuyk sto for lyden og her snakkar vi om ein profesjonell som veit kva han gjer. I tillegg hadde Mykola med seg Oleksii som er profesjonell lystemnikar. Det heile var so vakkert!!

Tidleg på året vart det vedtatt at vi skulle slå saman julegraut i kyrkja som vi hadde før jul med juletreffest

som vi hadde på nyåret. Begge arrangementa inneheldt mykje det same, so det var ikkje so stor justeringar som måtte til.

Julefesten vart lagt til ein onsdag og vi fylte godt opp Storekalsøy kyrkje. Her fekk folket oppleve julespillet med mange born i rollane og eit barnekor opptredde. Som seg hør og bør på ein julefest, så gjekk vi rundt juletreet. No til dags er det ikkje alle som gjer det i løpet av jula, derfor er det ein god og fin tradisjon at vi gjer det på festen. Det vart servert julegraut – utan mandel – og det vart servert julekjeks, mandarinar, saft og kaffi. Mens dei vaksne kosa seg med ein kopp kaffi, var dei yngste saman med ein gjeng konfirmantar og laga julelenkje og andre aktivitetar.

Og trur du ikkje nissen fant vegen

til Storekalsøy kyrkje? Han snakka nordlandsk og sa han hette Jens. Snopepose hadde han med seg til alle borna.

Ein kjekke ettermiddag!

Og som vanlig har vi hatt julespill med alle barnehagane rundt i tre kyrkjer. Då er det storegruppa i dei ulike barnehagane som er med og dramatiserer juleevangeliet. Og det er alltid like kjekt å være med på. I tillegg til at det då kjem mange born til kyrkjene, så er det også mange foreldre og besteforeldre som kjem og ser på. Veldig stas for dei små.

Ein ettermiddag hadde vi også Julespelet med våre vener frå NFU og Dei glade musikantar spelte og song for oss. Etterpå var det kyrkjekaffi og julekjeks. Kjempekoseleg!

Tysdag før jul var det tid for Julekveld i kyrkja.

For to år sidan kom Regine Hatlevik Otterå med tanken at det hadde vore kjekt å samle folk i kyrkja ein ettermiddag/tidleg kveld og gje dei eit pusterom i juleforberedelsene.





Omtrent halv kyrkje i 2022, litt fleire i fjor. I år vart det stapp full kyrkje!!

For å sikra seg ein god plass, var det fleire som kom tidleg. Og det var lurt. Folk strøymde til. Vi gjekk tom for program, so vi måtte rundt å tigge ein del tilbake. So fekk heller folk sjå saman.

Kathrine Haugsmyr på flygelhorn og Audun Instefjord opna konserten med «Vita lux». Vakkert!! Vidare vart det nydeleg song av Regine, Arvid Søreide og Maria Vassnes, enten dei song åleine eller som duettar. Sokneprest Tor Håkon Eiken var også med på eit av songnumra saman med Regine, Arvid og Maria.

Ingen kan formidle Juleevangeliet som Tor Håkon! Med ein fantastisk innleving og så klart utan manus, så trollbandt han alle i kyrkja. Ei anna som trollbandt publikum med si lesing, var Hildegunn Teien. Ingen les som ho!

Før vi alle var med og song «Deilig er jorden» skulle Arvid framføre «O helliga natt». Til stor overraskelse og glede, hadde han Jan Tørres Nordstrand med seg.

Lyssettinga i kyrkja denne kvelden var magisk. I tillegg var det pynta med



levande lys oppe i koren, i vindauga og på trappa

Vi avslutta kvelden med kyrkjegløgg, julekjes og ein god drøs med naboar, vener og kjente.

Tilbakemeldingane frå publikum var at dei treng ikkje dra til byen for å få med seg flotte konsertar. Fleire fortalte at dei hadde storkost seg på Stolmen med kyrkjekoret og gjestane deira, og no fekk dei enda ei flott oppleving. Kanskje vi må ha to julekveldar neste år?

Siste veka før jul starta vi med skulegudstenestene. Fyrst ut var det to flotte gudsteneste i Bekkjarvik kyrkje. Tradisjonens tru kjem 1.trinn som Lucia med lys og syng. Når man i tillegg har eit barnebarn på dette trinnet, så treng ein vel ikkje sei så

mykje anna enn at man vart rørt. Gjennom begge gudstenesta var det fleire av elevane som bidrog med lesing og song.

Torsdag 19.desember fylde vi igjen Austevoll kyrkje med tre skulegudstenester. Det er so flott å oppleve alle desse borna og ungdomane i kommunen, kor dei deltek på en fantastisk måte med allsong, lesing og andre innlegg på gudstenestene. Dei er gode!!

Over 1000 personar var innom kyrkjene våre på julaften! Staben hadde mest lyst til å besøka alle kyrkjene denne dagen. Det var lagt opp til så mykje flott.

Tor Håkon Eiken og organist Audun Instefjord hadde gudsteneste på PO-senteret, i Storekalsøy og Hundvåkøy



kyrkje før dei avslutta i Austevoll kyrkje.

Bekkjarvik vell sto for det i Bekkjarvik kyrkje med god hjelp frå fleire. Det seiest at når Ingeborg Olsen Fagerbakke song, so var det berre helt fantastisk.

Linda Marie Lundø og Karen hadde det i Stolmen kyrkje. Her fekk dei god hjelp av Sigve Solbakken på gitar og Stolmen kyrkjekor. Ei rekke med born som hjalp dei med dramatisering av julespelet og med fin song.

Stor takk til alle som hjalp oss denne dagen! Dette hadde vi ikkje klart å få i hamn utan dåke!

Dette var noko av det vi gjorde i desember. I tillegg kom alle gudstenestene. Og som de skjønar, så



Lys vaken

Dette året var det ca 28 påmeldte til lysvåken i Storekalsøy kyrkje. Dette er eit stort arrangement og alle på kyrkjekontoret er i sving denne helga i tillegg til at me får mykje hjelp frå foreldre og nokre flinke konfirmantar.

På Lysvåken snakka me litt om det å være lys våken for dei rundt oss og sjå alle. Me hadde også mykje leik og moro! Dei kunne velje nokre aktivitetar å være med på i tillegg til at alle lærte dans og song som dei bidrog med på gudstenesta søndagen. Nokre

ser vi tilbake på ein travel, men veldig kjekke desember.

Fyrste, store arrangement i 2025 var konsert med GospelCompagniet i Austevoll kyrkje. Mange fant vegen til kyrkja for å få med seg konserten som var lagt opp som ein messe med alle dei liturgiske innslaga som er i ein gudsteneste. Som fleire sa på veg ut døra: Dette var fantastisk!

Koret utstråla ein glede og oppriktigheit. Ein trudde på det dei song. Skuldrane til underteikna falt ned frå fyrste tone.

Komponist og musikalsk ansvarleg for konserten var Terje Kleppe. Med seg hadde dei orkester og lydmann som igjen hadde med seg kilometervis med kablar. Mykola og Oleksii hadde ansvar for lys – magisk!

Konserten var eit samarbeid mellom Bekkjarvik Experience og kyrkja, eit samarbeid vi håpar vi kan få til fleire gongar.

Tuuuuusen takk til de alle som støtter so godt opp om alt vi holdar på med i kyrkja. Vi er so takknemlege!



var også med på dramatisering av ein bibelforteljing som vart framført på gudstenesta.

Når kvelden kom roa me ned med snopepose og kino i kyrkja. Alle borna rigga seg godt til med senger utover heile kyrkjegolv og la seg under dyna mens filmen gjekk.

Det var ein trøtt gjeng som skulle gjere seg klar til gudstenesta søndag då dei sovna seint laurdag og vakna før klokka 06.00! Men dei gjennom-

førte med glans! Kyrkja var full av folk og det var topp stemning. Det vart ei kjekk gudsteneste med fine innslag frå gjengen.



Tårnagentane

Siste helga i januar har me fast eit tiltak for 3.klassingane i Austevoll. Då blir dei invitert inn i Austevoll kyrkje for ei stund med diverse aktivitetar med fleire frå staben i kyrkja og med god hjelp frå nokre foreldre. 17 born møtte spente opp i kyrkja laurdagen. Dei fekk då være med på å utforske kyrkja vår og ha bildejakt. Dei fekk komme heilt opp i klokketårnet og sjå storklokka, noko som var litt skummelt, men også veldig spanande. Dei lærde litt om orgelet i kyrkja og prøve å blåse lyd i forskjellige piper. Dei fekk god lyd i pipene! Tor Håkon viste dei også korleis dei tidlegare tok kollekten i kyrkja...Då brukte dei ein lang stav med kollektpose på som dei førte rundt til alle. På enden var det gjerne ein liten spiss som dei kunne pirke borti dei som ev sov eller ikkje fulgte med. Den måten hadde nok ikkje blitt heilt godkjent i dag!



Dei måtte sjølvstekt få litt velfortent mat før me øvde på songar og bidrag til gudstenesta søndagen.

Søndagen kom det masse folk til kyrkja og tårnagentane fekk vist kva dei hadde øvd på og fekk tildelt ein diplom. Det var veldig kjekt å få være med dei flotte borna og få so fin song med i Gudstenesta. Godt jobba til alle agentane!

Familiegudsteneste med søndagsskulen

Søndag 19. januar var da familie gudsteneste med søndagsskule i Hundvåkøy kyrkje, Me fekk tenna lys for alle borna, helsa på søndagsskule løva, åpne skattekiste, og sjå dramatisering av forteljinga om Jesus 12 år.

Øyvind fortalte stødige historia om den lange reisa til Jerusalem og korleis dei feira påske der, medan skodespelarane illustrerte dette med god innlevelse.

Når Josef og Maria på heimvegen oppdaga at Jesus ikkje var saman med dei fekk skodespelarane med seg alle borna i kyrkja til å leita etter Jesus med stor iver.

Borna fant heldigvis Jesus, og fekk ropt Josef og Maria i riktig retning

slik at dei fant han. Alt framført og formidla på ein kjempe fin, morosam og barnevenleg måte.

Søndagsskulen hadde og med seg mange fine songar med rytme og rørsle som skapte god stemning i kyrkja. Siren og borna guida oss ivrig gjennom songane og fekk med seg resten av kyrkja både med song og rørsle.

Dette syntes me var kjempekjekt og håper søndagsskulen vil være med oss på fleire familiegudstenester!



Songsamling med 1 klasse

15 januar starta me opp 6 songsamlingar for dei som går i 1 klasse. Me har hatt annakvar gong i Bekkjarvik og Austevoll kyrkje. På samlingane har me hatt ei samlingsstund med lek og forteljing med flanellografen etterfølgd av songøving med bevegelsar

og lystenning. Songane me øver på skal me framføre i kyrkja på ei gudsteneste. Det har vert skikkeleg koseleg å verta kjend med borna som har vert med og me håpar at dei blir med når me startar opp ny runde om ei stund. Då med utvida tilbodet til 1-2 klasse.



Vårens konfirmantar

Austevoll kyrkje

laurdag 26.04.2025 Kl.11.00

Ariana Røys Troland
Daniella Arro Birkeland
Eirin Geirsdatter Taraldsen
Elias Haugland
Ida Elise Olausson -Haukanes
Knut Olai Klepsvik Drønen
Lily English
Mari Haugland
Mikkel Hatlevik
Sander Vassnes
Selma Blix Alfsvåg
Vetle-Martines Thorsheim Turøy

Austevoll kyrkje

laurdag 26.04.2025 Kl13.00

Johanne Kristin Otterå Rykkje
Lukas Vågen Hausberg
Mille Stevnebø Gjerde
Noah Elias Saltskår
Sebastian Dypevik Austevoll
Sebastian Vik
Selina Alexandra Nesse
Andreas Gloppen
Sindre Gloppen
Sondre Svela Engelsen
Tilde Nøttveit Storebø
Viktor Kolbeinshavn

Austevoll kyrkje

Søndag 27.04.2025 Kl11.00

Amalie Kjærevik
Arthur De Moura Rezer
Isak Kalve Skår
Jonn Dagfinn Augestad Gilborne
Leandro Oquias Sandtorv
Marcus Røstøen Soltveit
Miriam Njåstad Bjånesøy
Vibeke Kolbeinsvik
Liliana Farat

Storekalsøy kyrkje

søndag 11.05.2025 Kl11.00

Alicia Mabelle Merkesdal
Cornelia Økland Klepsvik
Emil Hille-Steinsbø
Ingvild Libnau Sandtorv
Lena Østervold
Magnus Våge
Maria Drønen Stenevik
Ole Karsten Bakke
Sofie Bjørkelund
Sofie Alvilde Klepsvik
Theodor Solberg

Stolmen kyrkje

laurdag 03.05.2025 Kl11.00

Adriana Rabben Aarland
Hanne Waage Haugland
Helene Stangeland Nyheim
Ingvild Larsen Veivåg
Katarina Østervold Garcia
Lindy Elise Oksnes Aase
Mathilde Andersen
Nicholas Rabben
Nicolas Klinge Loeng
Sigrid Thomsen
Silja Hjelmeseter
Tilde Vågen Vik
Tiril Mjånes Hevrøy

Neste vår 2026 blir datoane for konfirmasjonane slik:

Austevoll kyrkje 25 og 26 april

Stolmen kyrkje 02.Mai

Hundvåkøy/Storekalsøy kyrkje 03.Mai

Ny vannpost

Den gamle vannposten på Hundvåkøy gravplass hadde sett sine beste dagar – eigentleg for lenge sida. Den bestod av ein kran med ein slange tilkopla, som vart mindre og mindre etterkvart. Behovet var ei ny vannpumpe.

Og no er den på plass. Dette takka vere minnegåver gjeven til kyrkja.

Kyrkjegardsarbeidar Odd Magne Svela Engelsen har laga fundament som den står på og trapp mellom den nye og gamle delen av gravplassen. Dette vart veldig fint

Tusen takk til alle som har bidratt til at vi har fått dette på plass!



Orgelet i Hundvåkøy kyrkje

Austevoll sokn er so heldig og har fått nytt orgel til Hundvåkøy kyrkje i gåve. Dette på bakgrunn av at det gamle var begynt å verta slitt og surt.



Det nye orgelet er eit Viscount Domus S8, veldig like i størrelse og utsjåande som det gamle

Orgelet har i alle år stått nede i kyrkja. Det er plassert slik at organisten sit i store gudsteneste og gravferd heilt oppi folk. Spesielt ved gravferd er dette vanskeleg for organisten. Det er vanskeleg å konsentrere seg når det sit sørgjande so tett på.

Maria Kuleshova, som har permisjon som organist, og vikaren hennar, Audun Instefjord, hadde eit stort

ønskje om å flytte orgelet opp på galleriet. Tidlegare kantor gjennom 40 år i Austevoll, Steinar Christensen, uttalte også at det vil vera lurt å flytte orgelet opp. På den måten vil også lydbildet bli eit heilt anna.

4 sterke karar var med Audun og fekk orgelet på plass. Takka vera god hjelp frå Magnus, Magnus, Lauritz og Jonas er no orgelet i Hundvåkøy kyrkje komen opp på galleriet. Det passar veldig fint inn og det er framleis plass til å sitje der oppe.



Sterke karer fra venstre Magnus Rabben Taranger, Magnus Vestrheim, Lauritz Østervold og Jonas Melingen



Annonser



MØRENOT
FISHERY

Mørenot Austevoll AS – 5397 Bekkjarvik
Tlf 56 18 17 50 – Faks 56 18 17 55
Butikk Salthella: 56 18 17 53
Butikk Bekkjarvik: 55 08 34 00
Austevoll@morenot.no

[WWW.SPV.NO](http://www.spv.no) | TLF. 05555



SparebankenVest
– satsar på Vestlandet



Vestbjørn AS

Tlf 93281142 Morten Lysvold Nilsen
morten@vestbjorn.no

Babysong
Like populært som alltid!

Oppstart til høsten.
Hundvåkøy kyrkje.
Kontaktperson: Linda Marie Lundø · Tlf: 403 09 960

**Bekkjarvik
Torg**



**NORTH SEA
SHIPPING**



**El. Entreprenør
Kjell Elholm a.s**
5392 Storebø
Tlf.: 56 18 04 09 - Fax: 56 18 00 33
Foretaksnr.: NO 955 403 932 MVA



www.bibel.no

Under Nettbibelen finner du:
Bibeltekstene • Dagens bibelord • Søndagens bibeltekster

BEKKJARVIK GJESTGIVERI



Overnatting - Kurs/Konferanse - Catering – Selskap – Galleri
Tlf: 55 08 42 41 Fax: 55 08 42 41
post@bekkjarvikgjestgiveri.no www.bekkjarvikgjestgiveri.no

**Ønskje du ein stille
stund i kyrkja?**

Ta kontakt med oss på tlf 55082600
Og vi opnar Austevoll kyrkje for deg

To nye prestevikarar i Austevoll

Det er mange menneske som høyrer til Kyrkja i Austevoll. Det fører til at vi treng fleire presteressursar. Vi tenkjer det er ein positiv utfordring. Biskopen vår har no sendt brev til soknerådet i Austevoll, der ho gjer fullmakt til Øyvind Sivertsen og Regine Hatlevik Otterå til å halde gudstenester. Ho ber oss om å ta godt i mot dei, og støtte dei i tenesta. Det kan vi garantere at vi vil gjera!

Øyvind vart presentert i Stolmen kyrkje 02.03. Han maskinist og studerer teologi og diakoni. Han har og lang fartstid som predikant i pinsebevegelsen og deler evangeliet med glede og kjærleik. Regine vart presentert i Austevoll kyrkje 09.03. Ho har i fleire år jobba i kyrkja i Austevoll både med praktisk og pedagogisk arbeide. Ho er ei ærleg og sterk medarbeidar i kyrkja. Vi kjenner henne som ei som ivrar etter å gjere kyrkja tilgjengeleg for alle.



Øyvind , Regine og Tor Håkon



Kyrkja i påsken:

Skjærtorsdag kl 18.00 Storekalsøy kyrkje
Langfredag kl 11.00 Austevoll kyrkje
1.påskedag kl 11.00 Austevoll kyrkje
2.påskedag kl 11.00 Stolmen kyrkje

Prester i påsken er Margrethe H. Askeland,
Tom Sverre Tomren, organist er Audun
Instefjord, offeret går til Sølvfatet ved
Austevoll PO-senter



Kalender for våren:

VI GÅR TIL KYRKJE:

09.03	kl11.00	Austevoll kyrkje
16.03	kl11.00	Hundvåkøy kyrkje
23.03	kl11.00	Austevoll kyrkje Utdeling av teikneseriebibel og barnas påskedag
30.03	kl18.00	Bekkjarvik kyrkje
06.04	kl11.00	Austevoll kyrkje Samtalegudsteneste
13.04	kl12.00	Møkster kapell Palmesundag
17.04	kl18.00	Storekalsøy kyrkje Skjærtorsdag
18.04	kl11.00	Austevoll kyrkje Langfredag
20.04	kl11.00	Austevoll kyrkje 1.påskedag
21.04	kl11.00	Stolmen kyrkje 2.påskedag
26.04	kl11.00	Austevoll kyrkje Konfirmasjon
26.04	kl13.00	Austevoll kyrkje Konfirmasjon
27.04	kl11.00	Austevoll kyrkje konfirmasjon
03.05	kl11.00	Stolmen kyrkje Konfirmasjon
11.05	kl11.00	Storekalsøy kyrkje Konfirmasjon
17.05	kl10.30	Austevoll kyrkje

25.05	kl11.00	Austevoll kyrkje
01.06	kl11.00	Hundvåkøy kyrkje
08.06	kl11.00	Austevoll kyrkje 1.pinsedag
15.06	kl12.00	Kyrkja sin dag på Stolmen. Stangeland gard
22.06	kl18.00	Austevoll kyrkje Kveldsgudsteneste
29.06	kl11.00	Storekalsøy kyrkje

Med forbehold om endringar – sjå nettsida vår



Seniortreff kl 11.00 på Austevoll PO-senter

Fredag 7.mars
Fredag 4.april
Fredag 2.mai
Fredag 6.juni
Her vert det underhaldning, andakt og servering.
Håpar vi ser deg!

Med forbehold om endringar

Det meste vert no annonsert via kyrkjebladet, Facebook, kommunen sin kalender og kalenderen på heimesida vår; austevoll.kyrkja.no
Følg oss også på Facebook – kyrkja i Austevoll
Klipp ut kalenderen

ARRANGEMENT:

25.Mai kl17.00

Konsert i Hundvåkøy kyrkje med Kormix frå Åsane og KorGøy frå Austevoll



Ønskjer du dåp?

Ta kontakt med Austevoll kyrkjekontor på www.austevoll.kyrkja.no eller på tlf. 55 08 26 00



SLEKTERS GANG

Døypte

Austevoll kyrkje:

Johan Birkeland Haugland
Gustav Hevrøy Størebø
Margrethe Våge Neteland
Halvor Møgster
Gabriel Tveit Haugland
Johannes Teigen

Storekalsøy Kyrkje:

Elena Leknesund
Zoey Klepsvik
John Harald Klepsvik

Bekkjarvik Kyrkje:

Ludvig Økland
Björg Thomsen

Stolmen Kyrkje:

Mons Troland Bjånesøy
Lucas Sørvik Johannessen
Sofia Maria Olausson – Michelsen
Elise Lekven Blix
Mathias Eian Sekkingstad
Lucas Dale Høyvik

Sund Kyrkje:

Sverre-Anton Glesnes Hagen

Lyngdal Kyrkje:

Othelia Veivåg Fredbo

Døde:

Gerda Ragnhild Blænes

01.02.1927 – 31.10.2024

Edit Båtevik

21.03.1949 – 01.11.2024

Elin Selvik Lundøy

05.10.1939 – 22.11.2024

Arnfinn Kåre Sørvik

25.11.1932 – 25.11.2024

Björg Judith Storebø

14.04.1933 – 11.12.2024

Kari Rønnaug Møgster Våge

29.12.1950 – 19.12.2024

Ruth Mathilde Karlsen

28.10.1927 – 21.01.2025

Trygve Atle Økland

06.05.1952 – 26.02.2025

TELEFONLISTE

Kyrkjekontoret	55 08 26 00
Kyrkjeverje	55 08 26 02
Prest	55 08 26 03
Kyrkjelydspedagog	55 08 26 04 / 93 22 63 71
Organist	55 08 26 01 / 47 62 14 49
Kyrkjegardsarbeider	55 08 26 07
Trusopplæringsmedarbeidar	55 08 26 05
Dagleg leiar	99 29 15 47
Kontorleiar	93 42 59 63
Sokneprest	47 23 27 01
Kyrkjegardsarbeider	91 14 82 78
Soknerådsleiar	95 78 18 86
Kyrkjetenar	40 30 99 60
Hundvåkøy kyrkje	40 45 53 19
Vaktmeister	45 43 24 49
Redaktør Kyrkjebladet	55 08 26 02

Tysdag 11-14, tor/fredag 9-14
Tysdag 11-14, tor/fredag 9-14

Hildegunn Teien
Audun Instefjord
Onsdag, 9-12

Karen Kvinge
Regine H. Otterå
Tor Håkon Eiken (laurdag og mandag er presten sin fridag)
Odd Magne Engelsen
Eivind Hatlevik
Linda Marie Lundø
Marie-Liv Østervold
Børje Heimark
Karen Kvinge



NB! Me gjer merksam på at staben kan vera ute på oppdrag også i kontortida.



Dine hender er fulle av blomster
Hvem var det du tenkte å gi dem til?
Mine blomster var plukket til Jesus.
Graven fant jeg tom. Han var ikke der.
Halleluja, halleluja, halleluja, halleluja.

Dine lepper er fulle av sanger.
Hvorfor denne glede, hvor kom den fra?
Fra den grav der hans legeme hvilte –
han stod opp, og verden ble fylt med sang.
Halleluja, halleluja, halleluja, halleluja.

Dine øyne er fulle av glede.
Si, hva har de sett for å få slik glans?
De har sett Herren Jesus! Han lever!
Han gir livet mening og lys hver dag.
Halleluja, halleluja, halleluja, halleluja.

Nei, det trengs ingen blomster til graven!
Jesus, du stod opp og du bor blant oss!
Våre øyne er til for å se deg.
Hendene er til for å tjene deg.
Halleluja, halleluja, halleluja, halleluja